



Jens Ljosnes i treskjerarverkstaden sin.

Den velkjende mediamannen Kristian Hus har samarbeidd med sonen Kristen Børje Hus om boka Godt vaksen. Boka handlar om livet og tankar rundt det å verta gammal. Hus har intervjuet 12 kvinnheringar som alle har passert 90 år. Ein av dei er uskedelingen Jens Ljosnes. I tillegg har dei funne plass til 3 essay. I desse dagar vert boka lagt ut for sal, og vi har motteke følgjande omtale frå utgjevarane:

Det er 9. april 1940. Vêret er lettskyt og fint med vår i lufta. 15-åringen Jens Ljosnes kjem roande mot land heime i Kvednavikjo om morgonen etter å ha teke inn garna sine. Enno rører dagens fangst på seg i stampen bak i båten; ein stor torsk og nokre småsei. Auregarnet hans var tomt for fisk denne gongen. Ein nabogut kjem småspringande ned mot sjøen og ser nokså oppøst ut. Han har visst noko alvorleg å fortelja.

–Jens, Jens, da e krig, mammo høyrde da nett i radioen! Tyske soldatar harangripe Norge!

Slik byrjar historia om Jens Ljosnes frå Uskedalen i boka «Godt vaksen», som no er komen i sal. Kristian Hus har intervjuet 12 godt vaksne kvinnheringar, alle over 90 år, medan sonen Kristen Børje har teke dei fleste bileta. Han har òg gjort alt førtrykksarbeid med grafisk design.

I kvart portrett i boka får vi høyra om liva til dei eldre; frå tidlege barneår, ofte i tronge økonomiske kår, til dei no er komne til skils år og alder. I samtalanene med dei eldre prøver forfattaren òg å få fram kva dei tenkjer om det uunngåelege for oss alle; slutten på livet. Finst det eit liv etter døden? spør Hus blant anna. Han har òg spurt om korleis det er å bu heime, ofte i einsemd, og om korleis dei eldre ser for seg siste delen av livet sitt.

Kjenner seg ikkje gammal

–Eg ser ikkje for meg at eg skal sitja på aldersheimen og stura i ein stol. Det er ikkje noko å trakta etter, seier ein av dei Hus har snakka med. 90-åringen Jens Ljosnes kjenner seg ikkje gammal, og tykkjer ikkje det er nokon grunn til å snakka om slutten på livet allereie no.

–Eg er då berre litt over 90, seier Jens i boka, og ser på forfattaren med glimt i auga.

I boka kjem Hus lite inn på det offentlege helsestellet, som mange eldre er avhengige av for å ha eit godt og verdig liv. Men dei som har sagt noko om dette, skryt over hjelpe dei får på sjukeheimane rundt om i kommunen. Endåtil middagsmaten frå Bergen omtalar fleire i positive ordelag, trass i at dei tidlegare har vore skeptiske!

Forutan intervjuet med dei tolv eldre, har utgjevaren òg funne plass til tre essay, der kvar av dei kjem med tankar om livet og det å bli gammal. Otto Blokhuis skriv mellom anna om livet sitt etter at kona blei dement og kom på sjukeheimen.

Jens Ljosnes fortel i boka at han enno hugsar godt episoden med naboguten som kom springande for å fortelja om åtaket på Norge i 1940. Også dei tyske soldatane med skarpladde gevær, som kom heilt inn på tunet deira i Kvednavikjo etter skotveksling med kvinnheringane den 20. april, sit fast i minnet hans.

Tragisk hending

Av mange hendingar i sitt lange liv, hugsar Jens kanskje mest av alt bilulukka på riksvegen like ved heimen i Kvednavikjo før jul i 1979, der eine sonen deira omkom ilag med ein kamerat. Jens har prøvt å leggja tragedien bak seg, men langt frå gløymt, for det sit spikra i minnet. Slikt må ein leva med livet ut, og han kjenner på saknet kvar einaste dag. Men han snakkar lite om det med dei andre i familien. Så vondt gjer det.

–Livet må gå vidare, sjølv etter ei slik tragisk hending, seier Jens stillferdig, der han sit på ein stabbestein utanfor barndomsheimen sin og drøser med forfattaren om livet – og om døden.

Han ser lyst på livet og er ikkje så oppteken av alderen sin, og føler seg ikkje gammal i det heile teke. 90 år er då ikkje så mykje å snakka om, meiner Jens. Men han tar det meir med ro no, og er glad for kvar dag han får stå opp og reia senga si, eta frukost og gå å henta posten.

«**Godt vaksen**» er til sals fleire stader i Kvinnherad, blant anna i Spar-butikken i Uskedalen. Du kan òg kjøpa boka på nettet her <http://www.multipleks.no/forlag>



[Interessant å lesa om Jens Ljosnes og andre eldre i boka.](#)

Tekst og foto: Utgjevarane

Nett: Thor Inge Døssland